



Ei grøn og rettferdig
framtid med Viken SV



Balder Alvær Olafsen,
2. kandidat

For dei mange
– ikkje for dei få

sv.no

Balder Alvær Olafsen, 2. kandidat

Eg stiller til val for eit meir rettferdig samfunn. Hadde vi unge som streikar for klima fått lov til å bestemma, ville Norge vore på veg ut av oljealderen og inn i ei grønare framtid. Di stemme kan avgjera om skattepengane våre blir brukt på klimatiltak og ein betre skule, framfor større motorvegar og skattekutt til dei rikaste i landet.

Den største utfordringa i vår tid er klimakrisa. Innan 11 år må vi meir enn halvera utsleppa våre – likevel aukar utsleppa med Høgre i regjering. I hovudstaden har SV kutta utsleppa med 16 % på tre år. Det same er mogeleg i Viken.

Skulen i dag er ikkje god nok. Elevane møter ein skule kor pugging og eksamensresultat betyr meir enn kva du faktisk har lært. Når 1 av 4 ikkje fullfører skulen er vi nøydt til å handla. Viken treng ein skule som ikkje gir opp eleven, sjølv om eleven har gitt opp skulen.

VIKEN SV JOBBER FOR:

- Fleire bussavgangar og billegare månadskort
- Storsatsing på tog med nye avgangar og fleire dobbeltspor
- Lovfesta rett til lære plass for alle yrkesfagelever
- Forsøk i skulen med andre vurderingsformer enn eksamen
- Ein skule utan fråværsgrense



Trykket på miljøvennlig papir



Meld deg inn i SV!
Send SMS med
INNMELDING <din e-post>
<ditt navn> <din adresse>
til 2090 (100 kroner)

Sosialistisk Venstreparti
Hagegata 22
0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no